



Helse Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/172 - 18/1107

Saksbehandlar:

Ove Sæbø

ove.sebo@modalen.kommune.no

Dato:

28.05.2018

Høyringsuttale - Prehospital plan.

Modalen kommune ynskjer å komme med følgande uttale til utkast til ny prehospital plan for Helse Bergen.

Ad punkt 2.3 Samhandling og oppgåvedeling, akutthjelparordning.

Det er lang responstid på ambulansetilbud til Modalen etter at ambulansetilbud her vart nedlagt i 2008. Det er heller ikkje alle dagar lege tilstades i kommunen. Dette gjer det viktig med gode lokale hjelparar som kan delta med førstehjelp inntil ambulansetilbud kjem fram. Vår kommune har no slik ordning gjennom brannmannskap. Det er viktig at desse hjelparane sikrast med god opplæring og oppfølging, og deira ansvar og oppgåver, samt system for rettleiing i situasjonar blir avklart. Innspel frå direktoratet si gruppe som skal sjå på dette blir viktig.

Modalen kommune ynskjer for framtida godt samarbeid med helseforetaket om denne tenesta, og utforming, felles øvingar og økonomi bør avklarast i fellesskap. Det er viktig at AMK er kjent med kva ordning som finns i dei ulike kommunane, kva ressursar og kompetanse akutthjelparane har. Det er også nødvendig at utkallingsrutiner er tydelege og einsarta og kjent for alle som skal delta i dette.

I tekst står det: «Det er ikkje notert at Modalen har akutthjelparordning».

Modalen kommune har akutthjelparordning med lokalt brannmannskap gjennom Lindås-Meland-Modalen Brannvern.

Ad punkt 5

Om flytting av ambulansestasjon på Dale / samanslåing av ambulansestasjonar i Vaksdal/Osterøy

Å flytte stasjon frå Dale til Vaksdal vil gje lengre utrykkingstid til allereie sårbare delar av helse-regionen – som indre delar av Vaksdal og Modalen, og vil også gje lengre responstid til tettbygde strøk som Stanghelle og Bolstad og Evanger mot Voss. Den vil gje raskare responstid mot tettbygde områder som allereie er dekkja av ambulansetilbud som ikkje er langt unna (td Arna).

Å slå saman desse stasjonane vil gje betydeleg lengre utrykkingstid til indre delar av Vaksdal, Modalen og store delar av Osterøy. Her er allereie responstid på mange raude oppdrag langt over mål på 25 minutt.

Den vil også gje befolkningstette område i desse kommunane betydeleg lengre responstid på ambulanse (Dale, Stanghelle, Vaksdal, Valestrand, Lonevåg). Det vil gjere at fleire akutt-oppdrag ikkje når målsetjing om responstid innan 12 min i tettbygd strøk. Det fører også til ei sentralisering der busetnad i sentrale strøk nærare Bergen får raskare hjelp / betre tilgong på hjelp– medan dei i distrikta (både tettbygd og grisgrendt) må vente enno lengre.

Ved å lage nytt dekningskart (s12) med ambulanse stasjonert på Trengereid i staden for på Osterøy og Dale, vil ein sjå at store områder med dekning på 12 minutt og 25 minutt vil forsvinne, medan det vil kome til få nye områder. Det vil også svekke beredskap langs den ulukkes-utsette veggen E16.

Det er i grisgrendte strøk der er forventa høgast auke i andel eldre framover, og då parallelt forventa auka behov for ambulanse-teneste i desse områda av helseforetaket. Dette må takast med i planlegging av organiseringa av tilbodet.

Tiltak med å sentralisere ambulansane til felles ambulansestasjon på Trengereid er ikkje hensiktsmessig, og ein bør vurdere andre alternativ.

Lukke til med planen!

Med helsing

Ove Sæbø

Assisterande rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Kopi til:

Frøydis Gullbrå

5728

EIDSLANDET

Mottakere:
Helse Bergen